



**DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget sin president
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/1065

12.03.2015

Svar på spørsmål til skriftleg svar nr. 703

Eg syner til brev av 5. mars 2015 frå Stortingets president, vedlagt spørsmål nr. 703 frå representanten Per Olaf Lundteigen til skriftleg svar. Spørsmålet lyder:

"Kan statsråden gjere greie for kor mange personar den årlege kontrollen av medlemmar i alle trudoms- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja dei siste ti åra har avdekka er registrert i fleire trudoms- og livssynssamfunn, samstundes som statsråden gjev sitt syn på om dagens kontrollsystem for å avdekka svindel av felleskapsmidlar gjennom tilskott til trudoms- livssynssamfunn er godt nok?"

Svar:

Tilskotsordninga for trus- og livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkja (Dnk) har heimel i lov, jf. lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna (heretter trussamfunnslova) og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskot til livssynssamfunn. Føremålet med ordninga er å sikre stor grad av økonomisk likebehandling av trus- og livssynssamfunna i Noreg. Trus- og livssynssamfunna kan krevje eit årleg tilskot per medlem frå staten og frå kommunar der det bur medlemmer, som om lag svarar til dei budsjetterte utgiftene til Den norske kyrkja per medlem.

Trussamfunnslova § 19 a andre ledd slår fast følgjande: *"Tilskot kan berre krevjast for medlemmer som ikkje samstundes høyrer til Den norske kyrkja, eller eit anna samfunn som får tilskot etter lova her eller etter lova om tilskot til livssynssamfunn."*

Lov om tilskot til livssynssamfunn § 5 fyrste ledd lyder: *"Tilskot kan berre krevjast for medlemmer som er norske riksborgarar eller som har bustad i riket, og som ikkje samstundes høyrer til Den norske kyrkja, eller eit anna samfunn som får tilskot etter lova her eller etter*

lov av 13. juni 1969 nr. 25 om trudomssamfunn og ymist anna."

Sidan 2005 har alle trus- og livssynssamfunna kvart år måtta sende inn ei liste med fødselsnummer for medlemene som dei krev tilskot for (i 2005 var dei tre nordiske folkekyrkjene unnatekne frå dette kravet). Brønnøysundregistra kontrollerer lista opp mot Det sentrale folkeregister, medlemsregisteret for Den norske kyrkja og medlemslistene for dei andre trus- og livssynssamfunna. Føremålet med kontrollen er å sikre eit mest mogleg korrekt grunnlag for utbetaling av tilskot.

Talet på trus- og livssynssamfunn som er med i kontrollen å Brønnøysundregistra, har auka frå 549 i 2005 til 728 i 2014, med andre ord ein auke på 32,6 %. Talet på innsende fødselsnummer (ikkje unike) har i same perioden auka frå 427 874 til 646 926, ein prosentvis auke på 51 %.

Tabellen nedanfor syner kor mange personar som kontrollen å Brønnøysundregistra sin har avdekt er registrerte i fleire trus- eller livssynssamfunn (den årlege kontrollen femner om to kontrollrundar, og med unntak av året 2006, inneheld tabellen tala etter den andre kontrollrunden).

| | Personar registrerte i Dnk og anna trus- og livssynssamfunn | Personar registrerte i fleire trus- eller livssynssamfunn utanfor Dnk | Totalt |
|------|---|---|--------|
| 2005 | 75 688* | 11 049 | 86 737 |
| 2006 | 80 280 | 9 044 | 89 324 |
| 2007 | 15 709** | 8 522 | 24 231 |
| 2008 | 13 422 | 6 803 | 20 225 |
| 2009 | 17 001 | 7 414 | 24 415 |
| 2010 | 15 409 | 8 838 | 24 247 |
| 2011 | 15 167 | 8 315 | 23 482 |
| 2012 | 16 657 | 8 923 | 25 580 |
| 2013 | 17 640 | 10 593 | 28 233 |
| 2014 | 17 265 | 12 102 | 29 367 |

* Det er uvisst om dette er talet på dobbeltmedlemskapar eller talet på dobbeltregistrerte personar (unike fødselsnummer).

** Den store reduksjonen i talet på dobbeltmedlemer mot Den norske kyrkja frå 2006 til 2007 er i all hovudsak ein følge av at det i 2006 vart sendt brev til dei om lag 80 000 personane som både var registrerte i Den norske kyrkja og i eitt eller fleire andre trus- eller livssynssamfunn, og at dei om lag 70 800 personane som ikkje gav tilbakemelding om at dei ynskte å stå i medlemsregisteret å Den norske kyrkja, vart sletta frå registeret.

Kontrollen av medlemslistene sikrar at ein person berre blir rekna med ein gong i tilskotet til eit samfunn, og at det ikkje blir utbetalt tilskot for medlemer som


- trus- eller livssynssamfunnet har lagt fram ugyldige fødselsnummer for
- har D-nummer, ikkje fødselsnummer
- er fødte etter 1. januar i tilskotsåret
- er døde per 1. januar i tilskotsåret
- korkje er norske statsborgarar eller busette i riket

- tilhører Den norske kyrkja, eller som eit anna trus- eller livssynssamfunn har krav på tilskot for

Brønnøysundregistra kan derimot ikkje kontrollere korleis kvar enkelt person har blitt registrert som medlem i dei respektive trus- og livssynssamfunna. Det er såleis mogleg å oppnå urettkome tilskot for personar som ikkje sjølv har meldt seg inn, dersom dei ikkje står oppførte i Den norske kyrkja eller eit anna trus- eller livssynssamfunn. Om lag 85 % av folket er medlemmer i eit trus- eller livssynssamfunn, inkludert Den norske kyrkja.

Brønnøysundregistra har ei opplysningsteneste som gjer det mogleg for den enkelte å be om innsyn i opplysningar om seg sjølv og eigne born under 15 år. Den som ringjer til Brønnøysundregistra, vil få tilsendt eit brev til sin folkeregistrerte adresse med opplysningar om kva for trus- eller livssynssamfunn vedkomande eventuelt står oppført som medlem i. Dersom ein person har blitt lovstridig registrert som medlem utan eiga innmelding, vil vedkomande altså kunne få kjennskap til dette ved å bruke denne tenesta. Vedkomande kan deretter kontakte det aktuelle samfunnet med krav om å bli fjerna frå medlemsregisteret. Han kan også melde saka til Fylkesmannen, som behandlar krava frå trus- og livssynssamfunna om statstilskot, og som har ein tilsynsfunksjon i høve innmelding og føring av medlemsregistra i dei registrerte trussamfunna. Eg vil vurdere tiltak for å gjere ovannemnde opplysningsteneste meir kjent.

Med helsing



Thorhild Widvey